


14.12.2023

Fedje kommune

Kommunestyret sitt vedteke
kommunebudsjett 2024 og
økonomiplan 2024-2027



Innhald

1. Kommunedirektøren si innleiing	3
1.1. Politisk styring	4
1.2. Administrativ styring	5
2. Bakgrunn for budsjettframlegget	5
2.1 Økonomiske føresetnadar	5
2.1.1 Statlege overføringar og ramme. Forventa pris- og lønnsvekst.	6
2.2. Økonomisk utvikling på Fedje	6
2.2 Kommunale planføresetnader	6
2.2.1 Kommunal planstrategi	7
2.2.2 Kommuneplan med handlingsprogram	9
2.3 Demografi	10
2.3.1 Folketalsutvikling	11
2.3.2 Barne- og elevtalsutvikling	12
2.3.3 Folketalsutviklinga over 65 år	13
3. Økonomioversikt og investeringsbudsjett	14
3.1 Driftsbudsjett 2024	14
3.2 Investeringsbudsjett 2024	17
4. Visjon og mål	21
4.1 Overordna mål for perioden 2023 - 2027	21
Ansvar 1000 Kommunedirektør	22
Ansvar 1100 Kulturtenester	27
Ansvar 2000 Levekår	29
Ansvar 2100 Fedje skule	31
Ansvar 2200 Fedje barnehage	36
Ansvar 2300 Pleie og omsorg	38
Ansvar 2500 Legetenester	41
Ansvar 2600 Sosialtenester	42
Ansvar 3000 Teknisk kontor	44
Ansvar 3100 Kommunale bygg og anlegg	46
Ansvar 4000 Finansiering	48
5. Økonomiplan 2024-2027	49

1. Kommunedirektøren si innleiing

Eg ser med stor uro på den økonomiske situasjonen i Fedje kommune. I 2023 har utgiftene vært større enn inntektene, og dette er ikkje ein berekraftig økonomisk utvikling. Det er fyrst og fremst bruk av vikarbyrå og dyre konsulenttenester som driv kostnadane oppover. Me har tilsett nye medarbeidarar der det har vært krav om det. Generell prisstigning, rentenivå og auka kostnader fører til auka utgifter. Eg ynskjer å bruke investeringar for å få ned kostnader i drifta. ENØK tiltak vil bli høgt prioritert i 2024.

Me har hatt ein krevjande prosess for å kunne levere eit forslag til budsjett for 2024 som er i balanse. Me skulle hatt eit overskot til fond, men det har me ikkje klart. Me har kutta om lag 8 millionar frå budsjettet me ynskja oss, bortsett frå bemanning, for å drifte og utvikle Fedje vidare. Dette har vært ein særskilt krevjande prosess som vil påverke omdøme og opplevinga av Fedje kommune som ein god arbeidsgjevar. I gjennomgangen av KOSTRA tal kjem det fram at me på nokre områder har moglegheit for innsparingar, og på andre områder driftar vi rimelegare enn kommunar me kan samanlikne oss med. Eg har difor lagt inn fleire forslag til innsparingar til politisk diskusjon og avgjerd i budsjettprosessen.

I 2024 blir mi viktigaste oppgåve å få kontroll på utgiftene og sjå etter moglegheiter for auke i inntekter. I tillegg vil effektivisering og prioritering være viktige tiltak. Eit av tiltaka eg vil sette i gang i 2024 er månadlege økonomirapportar frå einingsleiarane. Dette gjer eg for å ha god oversikt, for å halde budsjettet og for å sette inn tiltak viss utgiftene aukar.

I ein krevjande økonomisk situasjon er det difor gledeleg at tal innbyggjarar aukar. Dette vil få betydning for økonomien til Fedje kommune, på lengre sikt, via rammetilskot frå staten. Ein del av løysinga for Fedje kommune knytt til dårleg økonomi ligg difor i auke i folketal. Visjonen er at det skal bu 729 personar på Fedje. Fedje kommune er ein trygg og god stad å bu, men alt for få veit om denne «perla i havet». Kommunen har gode tenester med høg kvalitet. Legeordninga som er etablert er ein av dei beste ordningane i landet. Me har ein skule med høgt utdanna personale der andre kommunar slit med å rekruttere kvalifiserte lærarar. Me har mange aktive frivillige som gjer ein strålende jobb. Me har ulike næringar som er med på å sette Fedje på kartet. Me har gode oppvekstvilkår, eit rikt kulturliv, ein unik natur og gode opplevingar. Det handlar om historia om det gode livet på Fedje.

Fedje kommune har gjort ein stor innsats med å ta imot flyktningar frå Ukraina i 2023. Dette skal vi fortsette med i 2024. Fokus for 2024 må være å få flyktningane i arbeid, slik at dei kan forsørge seg sjølv og familiane sine. Flyktningane er særskilt motiverte for å jobbe, og eg håpar alle som har moglegheit til det kan tilsette ein flyktning (midlertidig eller fast). I tillegg vil språkopplæring og integrering i samfunnet være høgt prioritert. Me manglar husvære, både til flyktningar og til andre som vil busette seg på Fedje. Det er ikkje enkelt å gjere noko med dette, men me må prøve å få fart på ny bustadbygging, og vi treng mest av alt fleire leilegheiter.

Framtida er uviss, og me må planlegge ut i frå det. Me har ny beredskapsplan og risiko og sårbarheitsanalyse (ROS). No må me gå frå plan til handling, og det vil mellom anna seie at me skal øve på uønska hendingar. Eg legg opp til å etablere beredskapsråd på Fedje i 2024. Kommuneplanen går ut i 2024. Difor vil det være naturleg å starte revisjon av denne planen.

Budsjett for 2024 og økonomiplan 2024 til 2027 er eit stramt men realistisk dokument for tenesteproduksjonen i Fedje kommune. Lite økonomisk handlingsrom gjer det enno viktigare at vi saman finn dei viktige og riktige satsingane framover.

Berit Karin Rystad
Kommunedirektør

1.1. Politisk styring

Kommunestyret har frå valperioden 2024 - 2027 13 medlemmer frå følgjande parti: Høgre 5, Arbeidarpartiet 6 og Framstegspartiet 2. Ordførar Stian Herøy representerer Høgre, og er kommunen sin øvste leiar. Bjørn Kåre Solbakk, FrP, er varaordførar i valperioden. I førre periode vart det gjort vedtak om å gå ned frå 15 til 13 representantar i kommunestyret.

Formannskapet er kommunen sitt økonomiutval og planutval.

Partsamansett utval er formannskapet pluss to hovudtillitsvalde. Partssamansett utval handsamar overordna saker som gjeld forholdet mellom arbeidsgjevar og dei tilsette.


Kontrollutvalet skal på kommunestyret sine vegner føra tilsyn med arbeidet til formannskapet og administrasjonen. Sekretariatet til kontrollutvalet er lagt til Nordhordland Utviklingsselskap IKS.

I tillegg til desse utvala har kommunen oppretta rådsorgana:

- Eldrerådet/Råd for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdomsrådet

Formannskapet er valstyre. Dette er eit lovpålagt organ, som skal gjennomføra stortingsval, fylkestingsval og kommuneval. I tillegg er ei valnemnd med representasjon frå alle partia i kommunestyret oppnemnd til å koma med framlegg til kandidatar i styre, råd og utval, eventuelt val av nye kandidatar. Nemnda fungerer gjennom heile valperioden. I 2024 er det ingen val.

Fedje kommune har i denne fireårsperioden ordførar tilsvarande 100% stilling og varaordførar tilsvarande 10% stilling. I tillegg har alle politikarane godtgjersle for møte i kommunale organ.




1.2. Administrativ styring

Kommunedirektøren er kommunen sin øvste administrative leiar, og har gjennom tett samarbeid med folkevalde og tilsette, ansvaret for å vidareutvikla ein stabil og framtidretta organisasjon med eit godt sørvis- og tenestetilbod til innbyggjarane.

Alle einingsleiarar har personal- og budsjettansvar.

Administrativt organisasjonskart pr 01.11.2023



2. Bakgrunn for budsjettframlegget

Dette budsjettframlegget byggjer på lover og forskrifter, gjeldande økonomiplan, utviklinga så langt i 2023, utsiktene vidare og regjeringa sitt framlegg til Statsbudsjett for 2024.

2.1 Økonomiske føresetnadar

I budsjettet er det lagt til grunn ei lønsauke på ca. 4,9 %. Dette er høgare enn tidlegare år, og skuldast den generelle prisstigninga og auka rente. Når det gjeld den generelle prisveksten vil den truleg være vanskeleg å slå fast sidan den økonomiske situasjonen i verda og i Noreg er særskilt uoversiktleg framover. Me veit at prisane vil stige, men ikkje kor mykje, og det må me ta høgde for i framlegget til kommunebudsjett for 2024.

2.1.1 Statlege overføringar og ramme. Forventa pris- og lønnsvekst.

Sum pårekna frie inntekter er Kr 65 549 000,- noko som er ein auke på 3,9 % frå 2023 til 2024.

Dette er 0,6 % lågare enn snittet blant kommunane i Vestland fylke og 0,8 % lågare enn landsgjennomsnittet. Dette er noko betre enn kva forutsetningane var før 2023, men kommunen ligg framleis under snitt av det auke er i både Vestland og landet. Av overføringane utgjer distriktstilskot Sør-Noreg og småkommunetillegg kr 6 526 000,-.

Den samla pris- og kostnadsveksten – kommunal deflator – er i framlegget 4,3 prosent. Deflatoren vert nytta til prisjustering av statlege rammetilskot og øyremerkte tilskot i statsbudsjettet.

Kostnadsdeflatoren består av:

- Lønnsvekst 4,9 %
- Varer og tenester 3,4 %
- Samla prisvekst 4,3 %

2.2. Økonomisk utvikling på Fedje

Den økonomiske utviklinga har nær samanheng med folketalsutviklinga i kommunen. Når det vert færre innbyggjarar i kommunen vil også overføringar frå staten og skatt på inntekt og formue gå ned. Det gjer at kommunen må redusere på tenestetilbodet, noko som igjen kan føre til lågare attraktivitet og at det vert færre innbyggjarar i kommunen. For å greie å snu dette, bør ein få på plass nye verksemder som både gjev arbeidsplassar og inntekter til kommunen, og i tillegg sjå på kva mogelegheiter kommunen har for å få auke i inntektene. Politikarane og administrasjonen må jobba målretta framover for å leggja best mogeleg til rette for å få til ei positiv utvikling, gjerne i samarbeid med private aktørar.

2.2 Kommunale planføresetnader

Kommunen si rolle i å vidareutvikle Fedje kommune ligg fyrst og fremst i dei lange linene og å peike på ønska utviklingstrekk. Dette arbeidet har ein naturleg plass i kommuneplanen, og må ha ei god kopling til økonomiplanen. Det må utarbeidast langsiktige målsetnader, som vert nedfelt i strategiar. Hausten 2023 vart det gjennomført kommuneval, og i samband med dette skal det lagast ny planstrategi for perioden 2024 - 2027. I planstrategien skal politikarane prioritere dei planane dei ynskjer å få på plass eller rullere i perioden 2024-2027. Kommuneplanen går ut i 2024. Det vil difor være naturleg at me startar arbeidet med å revidere kommuneplanen. Kommuneplanen er kommunen sitt viktigaste styringsdokument. Etter planlova skal det lagast samfunnsdel og arealdel. Sidan Fedje kommune er eit lite og oversiktleg samfunn, vil me anbefale å lage eit felles plandokument der både arealdel og samfunnsdel vert revidert samtidig.

I 2023 starta me opp arbeid med ein plan for oppvekst med fokus på førebygging. Dette planarbeidet er knytt opp til den nye barnelova som kom i 2020. Det er viktig at dette vert ført vidare og avslutta.

Reiselivsplanen vart revidert i 2023. Det er lagt opp til at planen skal følgast opp med økonomiske ressursar for å kunne realisere handlingsplanen (tiltak/ansvar/fristar). I tillegg må politikarane vurdere planarbeid som ikkje er gjennomført i førre planstrategi, mellom anna trafikksikringsplan og plan for Idrett- og friluftsliv. Denne planen gjekk ut i 2022, og me kan ikkje søkje spelemidlar utan ein gjeldande plan.

Som ein av dei store arbeidsgjevarane på Fedje er det også viktig at Fedje kommune har eit plandokument knytt til arbeidsgjevarrolla, og revidering av personalplanen vert sentralt her.

2.2.1 Kommunal planstrategi

Når me startar på ein ny valperiode skal det lagast ny planstrategi. Den kommunale planstrategien skal mellom anna fortelja kva planar kommunestyret ynskjer å få ferdig/utarbeidd/revidert i kommunestyreperioden. Planstrategien skal gje eit samla oversyn over utfordringane og moglegheitene på Fedje, ut frå kva kommunestyret ynskjer av arealutnytting og samfunnsutvikling.

Status planarbeid hausten 2023:

Type plan	Kommentar	Merknad
Samfunnsdelen til kommuneplanen		
Folkehelse	Kommuneplanen går ut i 2024. Me ser for oss ei felles rulling av areal og samfunnsdel som startar våren 2024.	Ansvar: Kommunedirektøren
Temaplanar		
Helse- og omsorgsplan	Planprogram vart vedteke 12.03.2020. Dette planarbeidet er ikkje satt i gang.	Ansvar: Kommunalsjef helse og omsorg
Oppvekstplan	Planarbeid er satt i gang i 2023. Det skal utarbeidast ein temaplan med fokus på førebygging	Ansvar: Kommunalsjef oppvekst og kommunalsjef samfunnsutvikling
Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordland	Starta opp hausten 2020. Vart vedteke i oktober 2023. Det står no igjen ei motsegn knytt til Hjeltevarden som vil bli teke til departementet for avgjerd	Ansvar: Kommunedirektør
Reiseliv (Næringsplan)	Planen vart revidert i 2023. Ny plan for 2024-2027 er vedteke i juni 2023.	Ansvar: Kommunedirektør
Sentrumsplan	Plan/kartlegging er innhenta. Det er gjort politisk vedtak om vidare prosess. Planarbeidet er ikkje satt i gang.	

Trafikksikringsplan	<p>Denne planen var knytt til Nordhordlandspakka, som er vedteke. K-sak 023/04 vedteken 21.02.2003.</p> <p>Ein oppdatert trafikksikringsplan er naudsynt for å kunne søka trafikksikringsmidlar. Vegane på Fedje er generelt smale og i dårleg stand. Det inneber at endringar i trafikkbilete, næring og busettingsmønster fort vil kunne skapa nye utfordringar for trafikktryggleiken.</p> <p>Planarbeid er ikkje starta</p>	<p>Ansvar:</p> <p>Kommunalsjef samfunnsutvikling</p>
Idrett og friluftsliv	<p>Temaplan for idrett- og friluftsliv 2021-2022 for Fedje kommune.</p> <p>K-sak 078/20 vedteken 10.12.2020.</p> <p>Planarbeid er ikkje starta</p>	<p>Ansvar:</p> <p>Kommunalsjef samfunnsutvikling</p>
Kulturminneplan	<p>Kulturminneplan for Fedje kommune vart vedteken utan handlingsplan i 2020.</p> <p>Handlingsdelen vart vedteken i kommunestyret 22.04.2021 K-sak 028/21</p>	<p>Ansvar: Leiar fellestenester</p>
Plan for rehabilitering og koordinerande eining	<p>Naturleg at denne kjem etter helse- og omsorgsplanen (sjå over)</p>	<p>Ansvar:</p> <p>Kommunalsjef helse og omsorg og Koordinerande eining</p>
Pandemiplan	<p>Vedteken i kommunestyret 10.12.2020. K-sak 085/20.</p> <p>Planen vart rullert i samband med rullering av beredskapsplanen etter krav frå statsforvaltar (tilsyn).</p> <p>Smittevernplanen er ein del av dette arbeidet</p>	<p>Ansvar:</p> <p>Kommunalsjef helse og omsorg</p>

Planar forankra i lov, forskrift og avtale		
Rusplan / Alkoholpolitisk plan	Fullført. Vedteke i kommunestyret 11/6-20 Alkoholpolitisk plan skal rullerast året etter kommuneval. Planen skal rullerast i 2024.	Ansvar: Leiar fellestenester.
Heilskapleg risiko- og sårbarheits analyse (ROS) Pålegg om revisjon av beredskapsplan	Vart rullert i 2023	Ansvar: Kommunedirektør
Folkehelseoversikt	Utarbeidd i 2017. Ny folkehelseoversikt må utarbeidast i revisjon av kommuneplanen	Ansvar: Kommunalsjef helse og omsorg
Personalplan.	Planen vart vedteke i 2020. Me bør vurdere å rullere/justere denne planen knytt opp mot utfordringar med behalde/rekruttere	Ansvar: Kommunalsjef HR/Forvaltning

2.2.2 Kommuneplan med handlingsprogram

Fedje kommunestyre vedtok «Kommuneplan 2012-2024» i møte 14. mars 2013. Planen inneheld ein samfunnsdel, ein arealdel og ein risiko- og sårbarheits analyse (ROS), der ein ser verknader av endra arealbruk med tanke på å redusera risiko for tap av liv, helse, miljø, infrastruktur mv. Planen gjeld heile kommunen, inkludert alt sjøareal innanfor kommunegrensa.

Med eit juridisk bindande dokument for arealdisponeringa, står kommunen betre rusta til å møta utfordringane i planperioden. Dette gjeld område som til dømes arealbruk, friluftsområde, strandsoner, bustadbygging og næringsområde. Kommuneplanen skal gje eit godt grunnlag for politisk styring, der ein tek vare på og vidareutviklar dei kvalitetane som gjer Fedje til ein attraktiv stad å bu, driva verksemd og å vitja.

Kommuneplanen gjev også viktige føresetnader for Fedje som eit berekraftig og levande lokalsamfunn. Kommuneplanen er det rammeverket som all anna planlegging og utvikling i kommunen skal byggja på.

Berekraftig utvikling er eit omgrep som mellom anna brukast i dei nasjonale forventningane til kommunal- og distriktsdepartementet (Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027. Vedteke ved kongeleg resolusjon 20. juni 2023). Sosial, miljømessig og økonomisk berekraft og FN sine berekraftsmål vil være naturleg å ta inn i ei rullering av kommuneplanen til Fedje.

Fedje kommune er i ei vanskeleg situasjon når det gjeld økonomisk utvikling. I 2023 har me ikkje klart å halde budsjettet. Me vil ende opp med eit underskot på om lag 1,5 million kroner. Denne utviklinga er ikkje berekraftig, og tærer på kommunen sitt disposisjonsfond. Me har satt i gang eit arbeid med KS konsulent knytt opp mot KOSTRA og omstilling. Dette arbeidet vert viktig å føre vidare i 2024 for å finne økonomiske gevinstar og måtar å drifte kommunen meir kostnadseffektivt på. Kopling mellom planarbeid og økonomiplan vil være heilt nødvendig for å få ei meir økonomisk berekraftig utvikling i valperioden.



2.3 Demografi


Det var registrert 496 innbyggjarar i 2. kvartal 2022. Det er først og fremst barn og unge vaksne det er blitt færre av i Fedje kommune dei siste åra. Dette er ei liknande utvikling som mange andre distriktskommunar opplever. Det er og ei lita endring hjå dei aller eldste. Det er færre kvinner over 95 år i løpet av 2023. Elles viser tala at ungdommen flyttar i 20 åra, og nokre kjem tilbake når dei er vaksne. I løpet av 2023 har utviklinga snudd. Fedje kommune har i 3. kvartal 521 innbyggjarar. Spørsmålet er om dette er ei ny utvikling i strid med den generelle utviklinga i samfunnet elles, eller om det er eit "blaff". Det er for tideleg å sei noko om dette, men Fedje kommune har gjennom dei siste åra jobba aktivt for å få fleire innbyggjarar til å busette seg i kommunen. I tillegg har 32 ukrainarar flytta til Fedje fram til november 2023. I denne perioden har det og falt mange frå, spesielt i dei eldste årsklassane.

	Befolkning 1. januar							
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
K_4633 Fedje	576	587	561	562	548	525	502	513

Tabellen visar folketalsutvikling pr. 1 kvartal i åra 2016-2023


2.3.1 Folketalsutvikling

Fedje kommune sin største utfordring er folketalsutviklinga som i mange år har gått feil veg. For 2021 gjekk folketalet ned med 23 personar. Utviklinga har no snudd, og me er pr. 2. kvartal 521 innbyggjarar på Fedje.




Når det gjeld endringar i befolkninga så er tala frå SSB frå 2022. SSB sine statistikkar går alltid eit år tilbake i tid. I illustrasjonane under ligg tala for 2021 og 2022:

2021



2022



Utviklinga frå 2021 til 2022 visar at *nettoutflytting* på 20 personar er erstatta med *nettoinnflytting* på 17 personar i 2022 (sjå tabell under). Dette skuldast at Fedje kommune har teke i mot flyktningar, men det kan ikkje forklare heile talet. Barnehagen har hatt vekst, og dei har berre teke i mot ein flyktning. Dette er ei gledeleg utvikling som Fedje kommune har brukt mykje ressursar på å få til. Kommunen har lagt til rette for ulike ordningar for å auke folketalet. Det leggjast stor vekt på høg kvalitet i tenestene og det har vært fokus på å marknadsføre Fedje som ein godt og trygt stad å bu. Alle tala er henta frå Statistisk sentralbyrå; www.ssb.no
For fleire tal om Fedje kommune, sjå: <https://www.ssb.no/kommunefakta/fedje>.

2.3.2 Barne- og elevtalsutvikling

Tabellen under syner framskriving av barnetalet i barnehage- og skulealder for Fedje kommune i åra 2023-2030. Tala er henta frå SSB, og tek utgangspunkt i ein kommune prega av aldring i befolkninga. Då tala er så små som dei er, vil ein ikkje heilt kunne stole på at statistikken faktisk syner kva som skjer i røynda.

Aldersgrupper	2023	2024	2026	2030
0-4 år pr. 01.01	20	14	11	19
5-11 år pr 01.01	36	33	29	27
12-15 pr. 01.01	25	20	22	21
Samla barnetal i barnehage- og grunnskulealder	81	67	62	67


I 2023 ser me at utviklinga med auke i tal på born i barnehagen fortset. Dette er veldig gledelege tal, og gir ny optimisme i utviklinga av kommunen. Me måtte auke opp personalressursane i barnehagen i 2023 grunn auke i tal born. For 2024 har me lagt inn tilsetning av ny pedagog (i vikariat) for å støtte lovkrava knytt til tal born og fagressursar.

Dei siste skuleåra har det vore ei sterk nedgang i elevtalet ved Fedje skule, men dette har endra seg i 2023, og utviklinga ser ut til å fortsette. Skuleåret 2020/2021 hadde me 57 elevar, og dette skuleåret er elevtalet 61. Fedje kommune har teke imot flyktningar i 2022 og i 2023, og dette har påverka elevtalsutviklinga. Det er og anna tilflytting som gjer at me har fleire elevar på skulen i år enn i fjor. Dei neste åra syner utviklinga at elevtalet vil kunne halde fram, men desse prognosane er usikre. Det skuldast mellom anna at flyktningar kan velgje å flytte heim. Samstundes ser me at tal born i barnehagen aukar, og det vil kunne gi moglegheit for at elevtalet på skulen og vil auke.

2.3.3 Folketalsutviklinga over 65 år


Medan den samla folketalsutviklinga har vore negativ dei siste åra, har den vore nokså stabil for aldersgruppa 65+. Prognosane frå SSB tyder på at talet for aldersgruppa 65+ vil auke i åra som kjem, dette gjeld også dei aller eldste. Likevel ser me at det er ein liten nedgang i dei eldste kvinnene (95+) på Fedje. Nasjonal trend seie at det vil bli fleire av de aller eldste i norske kommunar (90+). Dette er ei utvikling som me skal gleder oss over, og som me kan leggja til grunn vil fortsetja i åra framover. Det betyr at ei god eldreomsorg vil vere minst like viktig i åra som kjem, som den er i dag. Den generelle utviklinga i samfunnet seie at me får fleire eldre og det vert færre born. Det vil sei at fleire av ressursane (midlar) må førast over frå oppvekst til helse og omsorg. På Fedje er situasjonen no annleis. me har auke i begge gruppene. Dette vil bli krevjande for kommunen framover når avgrensa midlar skal fordelast og prioriterast.

Aldersfordelinga i Fedje kommune vert vist i tabellen under



3. Økonomioversikt og investeringsbudsjett

3.1 Driftsbudsjett 2024



Budsjettskjema § 5-4 del B		Budsjett 2023	Budsjett 2024
1000	Rådmann	11 912	12 939
1100	Kulturtenester	1 982	1 895
2000	Levekår	2 315	3 834
2100	Fedje skule	14 261	16 902
2200	Fedje barnehage	4 158	5 514
2300	Pleie og omsorg	19 174	20 425
2500	Legetenester	5 848	6 450
2600	Sosialtenester	8 228	5 762
3000	Teknisk kontor	2 760	3 182
3100	Kommunale bygg og anlegg	6 076	5 362
3500	Avskrivningar	-4 115	-4 156
TOTALT		72 599	78 109


Bevilgningsoversikt - § 5-4 del A	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Rammetilskudd	45 376	47 246
Inntekts- og formueskatt	16 073	18 649
Eiendomsskatt	2 200	2 200
Andre generelle driftsinntekter	10 116	11 898
Sum generelle driftsinntekter	73 765	79 993
Sum bevilninger drift, netto	72 599	78 109
Avskrivinger	4 115	4 156
Sum netto driftsutgifter	76 714	82 265
Brutto driftsresultat	-2 949	-2 272
Renteinntekter	240	365
Utbytte	1 200	1 755
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0
Renteutgifter	630	1 508
Avdrag på lån	1 220	1 561
Netto finansutgifter	-410	-949
Motpost avskrivinger	4 115	4 156
Netto driftsresultat	756	935
Overføring til investering	-806	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne fond	0	-523
Netto disposisjonsfond	50	1 458
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0
Sum disponering eller dekning av nettoresultat	-756	-935
Fremført til inndekning i senere år	0	0

	Budsjett 2023	Budsjett 2024
HOVEDOVERSIKTER DRIFT § 5-6		
Rammetilskudd	45 376	47 246
Skatt på inntekt og formue	16 073	18 649
Eiendomsskatt	2 200	2 200
Andre skatteinntekter	0	0
Andre overføringer og tilskudd frå staten	10 116	11 898
Overføringer og tilskudd frå andre	3 511	6 857
Brukerbetalinger	2 584	2 505
Salgs- og leieinntekter	7 808	7 106
Sum driftsinntekter	87 668	96 461
Lønnsutgifter	49 531	56 441
Sosiale utgifter	11 234	13 450
Kjøp av varer og tjenester	21 842	20 474
Overføringer og tilskudd til andre	3 895	4 212
Avskrivninger	4 115	4 156
Sum driftsutgifter	90 617	98 733
Brutto driftsresultat	-2 949	-2 272
Renteinntekter	240	365
Utbytte	1 200	1 755
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler	0	0
Renteutgifter	630	1 508
Avdrag på lån	1 220	1 561
Netto finansutgifter	-410	-949
Motpost avskrivninger	4 115	4 156
Netto driftsresultat	756	935
	0,86 %	0,97 %
Overført til investeringsregnskapet	-806	0
Netto bundne fond	0	-523
Netto disposisjonsfond	50	1 458
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0
Sum disponering eller dekning av nettoresultat	-756	-935
Fremført til inndekning i senere år	0	0

3.2 Investeringsbudsjett 2024

	Budsjett	Budsjett
Bevilgningsskjema - § 5-5 del A	2023	2024
Investeringer i varige driftsmidler	13 691	2 600
Tilskudd til andres investeringer	0	0
Investeringer i aksjer og andeler	225	260
Utlån av egne midler	0	0
Avdrag på lån	0	0
Sum investeringsutgifter	13 916	2860
Kompensasjon for merverdiavgift	2 599	520
Tilskudd frå andre	0	0
Salg av varige driftsmidler	3 500	0
Salg av finansielle anleggsmidler	0	0
Utdeling frå selskap	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0
Bruk av lån	6 880	2 460
Sum investeringsinntekter	12 979	2980
Videreutlån	0	0
Bruk av lån til videreutlån	0	0
Avdrag på lån til videreutlån	310	320
Mottatte avdrag på videreutlån	180	200
Nettoutgifter videreutlån	130	120
Overføring frå drift	806	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	261	0
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetninger	1 067	0
Fremført til inndekning i senere år	0	0

Budsjettskjema § 5-5 del B		Budsjett	Budsjett
		2023	2024
1200	Eigenkapitaltilskot KLP	225	260
1205	Nye Pcar og tavler	0	200
2220	Solceller Ny-skulen	0	1 500
2412	Familiens hus	628	0
2610	Fedje helsetun	500	500
2610	Bil pratisk bistand	0	0
2610	Velferdsteknologi	0	100
2830	Startlån	310	320
3202	Gamlebanken næringsbygg	4 763	0
3530	Avløpsnett/innsamling av avløpsvann	700	0
3600	Toalett dagsturhytta	0	0
3812	Utviding av styrkerommet	0	300
3930	Kirkegård	7 100	0
TOTALT		14 226	3 180



Tiltak	Kostnader inkl. mva*	På budsjettet i 2023	Prosjektnr.
Administrasjon			
Eigenkapitaltilskot KLP	260		120007
Bistand til etablering av eigen bustad			
Avdrag etableringslån	320		283007
Oppvekst			
IKT utstyr til skule og barnehage <i>PC'ar til elevane i småskulen er gamle og utslite og treng fornying. Det trengs elektroniske tavler i klasserom som ikkje har dette og barnehagen skal ha ein elektronisk tavle for å gjere dei minste budd på ny teknologi</i>	200		120502
Institusjonslokale			
Fedje helsetun <i>Utgreiing og prosjektering av helsetun</i>	500	X	261008
Helse og omsorg			
Velferdsteknologi (Raiser) <i>Raizer II er ein elektronisk "løftestol" som vert brukt for å løfte opp brukarar frå golvet etter fall. Dette er eit viktig HMS tiltak/førebyggjande helse for dei tilsette</i>	100		261010
Teknisk			
ENØK satsing/solcelleanlegg på Nyeskulen Fedje kommune har fått laga ei utgreiing av potensialet for solcelleanlegg på kommunale bygg. 1. prioritet er fleirbrukshallen og nyeskulen. Nyeskulen er valt ut for å få ned energiforbruk i basseng	1 500		353001
Utvidig av styrkerommet	300		381202
Kyrkja/soknet			
Rampe til kyrkja <i>Løysinga i dag stetter ikkje krav om universell utforming fordi inngang er for smal for elektriske rullestolar</i>	250	Utsett til 2025	
SUM	3 180		

Gjennomførte investeringar i 2023 og investeringar i 2024



Turløypa: Gjennomført

Pumpestasjon for kloakk på Kopper: Vert gjennomført i november 2023

Utviding av kyrkjegarden:
Prosjektet skal være ferdig i desember 2023, men på grunn av årstid må me utsette såing av gras, planting og å setje tilbake gamle gravsteinar som midlertidig har blitt flytta.



Ombygging av helsestasjonen til familiens hus. Gjennomført

Fedje helsetun: Har ikkje blitt satt i gang i 2023 grunna manglande kapasitet

Ombygging av Gamlebanken: Prosjektet blei avlyst.



4. Visjon og mål

Slik formulerer kommuneplanen den *langsiktige visjonen* for Fedje-samfunnet:

«Fedje skal vera landsbyen i havet – eit levande samfunn som tilbyr rom for utvikling og nyskaping i næringslivet, særleg retta mot maritim sektor og turisme, eit godt og trygt bu- og oppvekstmiljø, eit rikt kultur- og lagsliv og unike friluftsopplevingar.»

Landsbyen i havet er – og må vera – rettesnora for vårt daglege arbeid med å gje gode tenester, samt i alt planarbeid for å styrka kvalitetane og la fleire innbyggjarar og gjester ta del i dei.

4.1 Overordna mål for perioden 2023 - 2027

Etter fleire år med nedgang i folketalet har utviklinga snudd. Folketalet har utvikla seg positivt dei siste to åra, og dette er ei særleg gledeleg utvikling. Mottak av flyktningar er ei av forklaringane, men det kan ikkje forklare alt. Det kan sjå ut som om tiltaka som er sett i gang for å auke befolkninga byrjar å vise resultat. Det er for tidleg å sei at dette er ei trend som vil fortsette når me ser at dei fleste andre distriktkommunar slit med negativ folketalsutvikling. Me har håp om at utviklinga skal fortsette, og arbeider hardt for å lukkast med dette.

Tiltak for å få fleire barnefamiljar til Fedje, gode tenester til innbyggjarane, gode levekår samt god og stabil ferjedrift er viktige grep. Me treng og fleire og varierte arbeidsplassar for å halde folketalsutviklinga i positiv retning. Fedje kommune har ei viktig rolle som tilretteleggjar. Her må og kommunen dra nytte av smådriftsfordelar som raske og korte slutningsprosessar for å gjera kommunen attraktiv for alle som ynskjer å skapa nye arbeidsplassar.

Oppsummert:

- Auke folketalet
- Leggje best mogeleg til rette for nye arbeidsplassar
- Kontinuerleg arbeide for betra levekår for alle
- Sikre god og stabil ferjedrift og gode kommunikasjonar
- Betre Fedje kommune sin økonomi

Ansvar 1000 Kommunedirektør

Kommunedirektøren har det overordna administrative ansvaret for at kommunen til ei kvart tid er hensiktsmessig organisert, og at dei avgrensa midlane me har til rådvelde, vert godt nytta. Det som var godt nok "i går" vil truleg ikkje vere godt nok "i morgon". Den økonomiske utviklinga er dårleg, og dette vil være den viktigaste oppgåva for kommunedirektøren framover. Me har hausten 2023 satt i gang eit omstillingsarbeid knytt til KOSTRA for å få ein berekraftig økonomisk utvikling framover. Fedje kommune driv nokre av tenestene dyrt samanlikna med andre kommunar med lik storleik. Me må saman med politikarane diskutere kva kvalitetsnivå på tenestene me tilbyr innbyggjarane skal ligge. Det er planlagt eit program for leiarutvikling i 2024, primært med interne ressursar og med moglegheit til å søke OU-midlar for eksterne bidrag inn i programmet.

Ny teknologi og nye løysingar (velferdsteknologi, IKT) må takast i bruk slik at ein kan vidareutvikla ein stabil og framtidsretta organisasjon med eit godt sørvis- og tenestetilbod til innbyggjarane. Det er ikkje budsjettert med endringar av tal tilsette frå 2023 til 2024. Me har hatt fleire stillingar som har vært ubesett. Våren 2023 rekrutterte Fedje kommune til 11 ulike stillingar i heile organisasjonen, og lukkast med dette bortsett i frå å få tak i sjukepleiar. Det skal difor være ein gevinst i 2024 at me ikkje treng å bruke konsulentar, vikarbyrå og andre sær dyre løysingar for å levere gode tenester. I 2024 vil det være sær viktig å få flyktningane i arbeid slik at dei kan sørge for seg sjølve. Framover vil det bli viktig å klare å behalde kompetansen som me no har klart å rekruttere. Ei viktig oppgåve framover vert difor å skape gode og helsefremjande arbeidsplassar der dei tilsette trivs og er motiverte til å levere gode tenester. Me må og bygge godt omdøme og marknadsføre oss slik at fleire ynskjer å arbeide i Fedje kommune.

Teneste 1000 Politisk styring

Det er i dette framlegget budsjettert med utgifter til møtegodtgjersle i 2024 på same nivå som i 2023. Tapt arbeidsgodtgjersle vert kompensert etter vedtekne retningslinjer.

Teneste 1201 Personalavdeling og 1204 Oppfølging av personalplan

Tenestemål 2024

- Få på plass og følgje opp rutinar for personal - og lønstillhøve
- Gjennomføre leiarutvikling
- Revidere personalplan
- Fokus på i våre verdiar; Kompetanse, Stoltheit, Heilskap og Samhald

Tenestemål 2024-2027

- Fedje kommune skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar for både nye og eksisterande medarbeidarar
- Fedje kommune skal ha fokus på å behalde og utvikle våre medarbeidarar
- Fedje kommune skal nytta tilgjengeleg kompetanse til kommunen sitt beste
- Fedje kommune skal utvikla ein god og sunn organisasjonskultur

Mål og tiltak vil verta konkretiserast i revidering av personalplanen.

I 2023 vart det tilsett ny kommunalsjef HR og forvaltning, eitt årsverk. Teneste 1204 inneheld bl.a. julebord og gåver til tilsette ved jubileum, felles kursing mm.

Interkommunale samarbeid:

Opplæringskontoret for Nordhordland hjelper oss med oppfølging og det juridiske rundt lærlingar. Det er eit godt drive kontor, som vert finansiert av delar av lærlingtilskotet frå fylkeskommunen. Me har ikkje budsjettert med inntak av lærlingar i 2024, grunna den økonomiske situasjonen.

Teneste 1202 Økonomiavdeling

Tenestemål 2024

- Rådgjeving internt til leiarar med budsjettansvar og til innbyggjarane
- Redusere sårbarheit
- Bidra til kompetanse for betre økonomistyring
- Arbeide for å møte formelle krav og fristar til den kommunale økonomien

Tenestemål for 2024-2027

- Leverer stabile og langsiktige tenester
- Halda på den kompetansen som mange år med erfaring og samarbeid har gjeve

Økonomiavdeling i Fedje kommune består av lønsskontor, rekneskapskontor, fakturering og fakturamottak. Fram til oktober 2023 var det her til saman 1,8 årsverk fordelt på to stillingar. Dette bestod av 80 % stilling som kontormedarbeidar og 100 % stilling økonomisjef/IKT-ansvarleg. Grunna oppgåver innan IKT er løna til økonomisjefen fordelt 80 % under økonomiavdelinga og 20 % under IKT. Frå oktober 2023 er det tilsett økonomirådgjevar i 100 % stilling. Det er då til saman to årsverk som arbeidar i økonomiavdelinga.

Det blei ikkje inngått noko avtale med Visma i 2023 for fast handtering av lønn- og refusjonsoppgåver.

Økonomisjefen har og rolla som Husbanken sitt bustadkontor i Fedje kommune. Oppgåvene består av handsaming av søknadar om start-/etableringslån, tilretteleggingstilskot og bustønad.

Teneste 1203 Fellestenester

Tenestemål 2024

- Det vert innført nytt saksystem for heile kommunen i november 2023, delar av 2024 treng ein til opplæring for tilsette i det nye saksystemet
- Det vert innført ny innbyggjarportal (heimeside)
- Ta løysingane i Office 365 i full bruk i heile organisasjonen. Her ser me at det må til meir opplæring i organisasjonen om ein skal kunne nytta moglegheitene som ligg i programvara Office 365. Me har som mål å få til meir opplæring i organisasjonen på Office 365 i løpet av 2024.

Tenestemål 2024-2027

- God på sørvis til alle som kontaktar kommunen
- Innlevere alle papirarkiv til depot
- Praktisere openheit og transparens

Fellestenester er postmottak, arkivtenester, saksbehandlarar, møtesekretariat, innbyggjartorg/telefon, heimesider og kommunikasjon, til saman 1,6 årsverk. Me opplever at dette er i minste laget for å dekke lovpålagte oppgåver og ansvar. Nasjonale krav aukar og samstundes er det vanskeleg å få tak i vikar ved fråvær på grunn av spesialiserte oppgåver og kompetanse. I tillegg er 0,3 årsverk nytta på kulturadministrasjon (ansvar 1100) og 0,2 årsverk på kommunikasjon (ansvar 1000).

Krava til arkiv og arkivkompetanse er aukande. Samstundes har Fedje kommune, som alle andre kommunar, gått til innkjøp av mange ulike datasystem for å arbeide meir effektivt. Mange av desse oppfyller ikkje dei standardane dei må, i følgje arkivlova. Det kan gå bra heilt til datasystemet vert avslutta, til dømes når me kjøper nytt system, eller leverandør gjer større omleggingar. Då risikerer me at me ikkje lenger har tilgang til informasjonen som ligg i systema, medan me som kommune er pålagt å ta vare på opplysningane i mange år.

Interkommunale samarbeid:

IKAH – Interkommunalt Arkiv Hordaland. Arkivlokala i Fedje kommune er ikkje eigna til langtidslagring for papirarkiv. Det er eit mål for arkivtenesta å levere mest mogleg av arkivmateriale til IKAH (Interkommunalt Arkiv Hordaland) som me er medeigarar i. Dei er vår felles arkivfaglege kompetanse, og langtidslagrar både papir og elektronisk arkiv for oss i tråd med nasjonale standardar og lovverk.

Teneste 1205 IKT

Tenestemål 2024

- Levere trygge og gode løysningar til brukarane
- Prioritere IKT tryggleik høgt

Tenestemål 2024-2027

- Utvikla tenestene vidare

IKT Nordhordland (IKTNH) vart skipa i september 2011 etter ein vertskommunemodell, der Osterøy kommune var vertskommunen. IKTNH er organisert som eit kommunalt oppgåvefelleskap etter kommunelova § 19.

Organisasjonen har ansvar for IKT-tenester til Fedje kommune og alle dei andre kommunane i Nordhordland. Dette gjeld mellom anna brukarstøtte, teknisk drift, tryggleik, innkjøp og IKT-strategi. Pliktene organisasjonen har, er beskrivne og vert regulert gjennom ein tenesteleveringsavtale og ein avtale for handsaming av data mellom IKTNH og kvar einskild kommune. Økonomisjefen er Fedje kommune sin kontaktperson inn mot IKTNH og kommunen si lokale support-teneste.

Kommunedirektøren sit i styret for IKTNH, og er der med på å leggje rammevilkåra.

Kostnadane på IKT området aukar. Dette skuldast nye system som vert innført, IKT tryggleik og auke i lisensar.

IKTNH har oppretta ei gruppe med fokus på digital sikkerheit og personvern. Økonomisjefen er med som Fedje kommune sin sikkerheitskoordinator i dette samarbeidet. Dette arbeidet vil bli styrka i 2024. Me opplev stadige truslar knytt til datatryggleik. Saker knytt til personvern og generelle digitale truslar er lagt inn som tiltakskort i ny beredskapsplan, og har særskilt høg prioritet.

Teneste 1802 Eldreråd

Her er det budsjettert med møtegodtgjersler og noko til eldredagen.

Teneste 2311 Ungdomsråd

Her er det budsjettert med møtegodtgjersler og kr 10 000,- til fri disposisjon for rådet.

Teneste 2331 Bedriftshelseteneste

Fedje kommune har avtale med den godkjente bedriftshelsetenesta Salutis for tenester til ca. 60 000 kr, resten kan nyttast til andre naudsynte tiltak. Det vert laga årleg plan for førebyggjande arbeid.

Teneste 3250 Tilrettelegging og bistand for næringslivet

Fedje kommune har ei viktig rolle som tilretteleggjar for etablering av ny næringsverksemd på Fedje. Kommunen samarbeider med Fedje næringsråd og andre næringsaktørar på Fedje eller aktørar som vurderer å flytte verksemd til Fedje. Reiseliv er blitt ei av dei viktigaste næringane på Fedje.

Teneste 3255 Reiseliv

Denne posten dekker turistinformasjon, medlemskap i ulike reiselivssatsingar, annonsering samt domeneutgifter og liknande. I 2023 vart reiselivsplanen rullert, og gjeld no for fire år fram til og med 2027. Den nye planen har ein eiga tiltaksdel som reiselivet på Fedje har bidrege til. Me har foreslått ei auke på 150 000,- til den nye reiselivsplanen. Grunna sær sars vanskeleg økonomi har ikkje kommunedirektøren kunne lagt inn summen som ligg i saksutgreiinga. Summen er difor foreslått redusert til 50 000,-. Konsekvensen av dette er at me er endå meir avhengig av andre aktørar for å realisere reiselivsplanen i 2024.

Teneste 3900 Den norske kyrkje

Grunna mellombels endring i tilskot i 2023, vart det med feil lagt inn for mykje i budsjett for 2024, og rett sum for 2024 er kr 1 085 000. Det vert ikkje lagt inn for prisauke. Soknet har flytta kontor til kyrkja, og har to kontorplassar der. Dermed fell stønad kr 40 000 for husleige i kommunalt bygg vekk. Det vil sei at det er budsjettert kr 101 000 for mykje til den norske kyrkje. Denne feilen vart oppdaga for seint i arbeidet med å legge fram budsjettet, og vil bli retta opp før framlegg til budsjett for 2024 vert vedteke.

Ansvar 1100 Kulturtenester

Tenestemål 2024:

Skape felles forståing for den kommunale kulturoppgåva mellom tilsette på kultur, internt i organisasjonen og med våre folkevalde.

Mål: Felles mål/plan og energi gjennom samarbeid

Fedje kommune har eit engasjert kulturliv med både private næringsinteresser, frivillige lag og organisasjonar. Forventningane til kommunen sitt kulturengasjement er høgare en kommunen har budsjett til. Økonomisk ligg me lågare for 2024 enn for 2023.

Teneste 3700 Bibliotek

Tenestemål 2024:

- Følgje opp eksisterande prosjekt retta mot barn og unge
- Halde opent bibliotek heile året, trass vikarbehov

Tenestemål 2024-2027:

- Vere møteplass for alle
- Fremje leseglede til barn og unge
- Ha eit godt boktilbod

Me har 50% biblioteksjef kombinert med 50% kultur/kommunikasjon/fellestenester. Biblioteket vert mykje nytta av innbyggjarane våre. Det har vore fleire ulike arrangement dette året. Me har mellom anna hatt "sommarmes", konsert og teaterframsyning. Biblioteket har hatt godt besøk på desse arrangementa. Biblioteket vert og nytta som språk kafé. Dette blir vidareført i 2024. [06]



Teneste 3750 Museum

Fedje er med i eit regionalt museumssamarbeid: Kulturverntenesta i Nordhordland. Her kan innbyggjarar i Fedje kommune få museumsfagleg hjelp til t.d. å søkje om midlar til å ta vare på kulturminne.

Teneste 3812 Fleirbrukshall

Her vert kjøp av utstyr inne i hallen og leigeinntekter ført. Sommaren 2023 var det ein stor vasslekkasje i Fleirbrukshallen. På grunn av vøling etter vasslekkasjen har delar av Fleirbrukshallen vore stengt hausten 2023. Det er stor aktivitet i hallen og aktiviteten i treningsrommet auka. Noko som gjer at me treng å fornya utstyret. Fleirbrukshallen er i bruk kvar einaste dag og kveld.

Teneste 3830 Musikk og kulturskular

Kulturskulen har for skuleåret 2023/2024 30 elevar. Fleire av elevane nyttar fleire tilbod i kulturskulen. Kulturskulerektor har ei 60 % stilling som rektor inkludert undervisning. Kulturskulen samarbeider med private aktørar. Målet er at ein skal få sett opp Fedje musikal i 2024.

Teneste 3850 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg

Kulturmidlane: Det er sett av 55 000,- for 2024.

Teneste 3854 Kulturell spaserstokk

Nokre tilskotsmidlar til kulturopplevingar som er spesielt lagt til rette for eldre. I tillegg kjem det tilskot og billettinntekter, så ramma for bruk er vanlegvis om lag 30 000,-. Det er ingen utgifter for kommunen.

Ansvar 2000 Levekår

Ansvar 2000 Levekår inneheldt dei ulike helse – og omsorgstenestene me har i Fedje kommune, og dei me kjøper frå andre kommunar. Kommunalsjef for helse og omsorg har ansvar for å leie arbeidet med å utvikle, fornye og styrke samarbeid- og fagansvar innanfor dei ulike tenestene. Dei tenestene som vert organisert under familien hus er representert her i ansvar 2000.

Teneste 2320 Førebygging – Helsestasjon og skulehelseteneste

Tenestemål for 2024

- Auke tilbodet og gjennomføre undervisning i fleire klassetrinn enn tidlegare år
- Fremja tverrfagleg samarbeid for å betra og sikra god kvalitet på tenesta til born, unge, føresette og familiar

Tenestemål for 2024-2027

- Tilsetje helsesjukepleiar i 100% stilling
- Styrke og utvikle helsestasjon og skulehelsetenesta
- Godt og utviklande samarbeid på tvers av tenestene til beste for born, unge og føresette

Helsestasjon- og skulehelsetenesta har som føremål å fremja fysisk, psykisk og sosial helse og førebyggja sjukdom og skade. Helsestasjonen er i ein unik posisjon til å komma i kontakt med born i alderen 0 - 5 år og deira føresette. Skulehelsetenesta er i god posisjon til å utjevne sosiale helseskilnader ved å ha kontakt med alle elevar i skulen. Fedje kommune kjøper helsesjukepleiarteneste frå Austrheim kommune.

Teneste 2411 Fysioterapi

Tenestemål for 2024

- Rettleiing av nye studentar
- Oppstart av ulike meistringskurs
- Halde på gode rutinar for tverrfagleg samarbeid

Tenestemål for 2024-2027

- Kvardagsrehabilitering ved behov
- Søkelys på å oppretthalde styrke, funksjon og tryggleik til å bu heime så lenge ein kan
- Ha ein oppdatert plan for habilitering og rehabilitering

Fysioterapitenesta skal gje teneste til dei som oppheld seg i Fedje kommune, og held til i nyoppussa lokale i familiens hus. Fysioterapitenesta driv med både instituttverksemd, heimebesøk og gir teneste til sjukeheimen fire timar i veka. Det er delt ansvar for hjelpemiddelformidling med ergoterapeuten. Mobilitetstrening i temperert basseng og småbarnstrim er lågterskeltilbod som ligg under denne tenesta. Me har eit stort fokus på å tilby eit godt fysiske tilbod til alle og styrke folkehelsa i kommunen. Fysioterapeuten gjev tilbod om rettleiing til styrketrening og treningsprogram og andre treningsformer.

Teneste 2413 Ergoterapeut

Fedje kommune kjøper ergoterapiteneste i 25 % frå Austrheim kommune. Ergoterapeuten bidreg med kartlegging, tilrettelegging, opplæring, trening og hjelpemiddelformidling og ombygging av bustad.

Teneste 2321 Jordmor

Fedje kommune kjøper jordmorteneste frå Austrheim kommune i 10% stilling. Jordmortenesta ligg til Austrheim legekantor.

Teneste 2334 Anna førebyggjande helsearbeid

Under denne posten ligg utgifter til Krisesenteret for Bergen og omegn, Ungdomskontakten Salto og NOK Bergen (NOK Bergen er eit tilbod for personar som har vore utsett for seksuelle overgrep).

Teneste 2341 Psykisk helse og rus

Tenestemål 2024

- Lage handlingsplan for psykisk helse og rus
- Fokus på det førebyggjande arbeidet i tenesta
- Lage til eit aktivt tilbod

Tenestemål 2024-2027

- Tenesteapparatet er tilgjengeleg, variert og heilskapleg og bidreg til ei aktiv og meningsfylt tilvære i fellesskap med andre
- Alle interne tenester har auka kompetanse om rus og utfordringar med avhengigheit
- Tenesta har fokus på førebyggjande aktivitetar og informasjonsarbeid

I psykisk helse og rus er det tilsett 1,6 årsverk – to sjukepleiarar og ein miljøterapeut. Tenesta er lokalisert og organisert under familiens hus. Kommunen kjøper psykologteneste frå Austrheim kommune i 20%. Psykisk helse og rus er eit tilbod til innbyggjarane i kommunen. Det er gratis, og ein treng ikkje tilvising frå lege.

I tillegg til individuell oppfølging ligg det også lågterskeltilbod til tenesta. Dette er aktivitetskafé, drop- in og småbarnstreff. Dette er tilbod som er godt brukt, både for vaksne og barn.

Me er sårbare for utforutsett fråvær, og me er ekstra sårbare sidan det er vanskeleg å rekruttere vikarar. Tal tilsette gjev utfordringar med å oppretthalde alle lågterskeltilbod, grunna drop – in er eit tilbod som krev to vaksne. Sidan hausten 2022 har me nytta ein anna ressurs i kommunen for å oppretthalde eit tilbod for barn og unge.

Ansvar 2100 Fedje skule

Skulen på Fedje er delt i fire område; grunnskulen, skulefritidsordninga, vaksenopplæringa og den kulturelle skulesekken. Til saman har me no 17,21 årsverk knytt til skulen. Av desse er om lag 11 årsverk til undervisning. I tillegg kjem 1,6 årsverk til reinhald av skule og symjehall.



Tenestemål i 2024

- Fagleg: Setje den første lese- og skriveopplæringa i system. Utarbeide ein grundig og heilskapleg leseplan som skal vere eit godt verktøy for dei tilsette og kome elevane til gode i form av systematisk fokus på lesing
- Sosialt: Vidareutvikle evne og kunnskap til å skape eit trygt og godt læringsmiljø for elevane, med fokus på fellesskap og samarbeid
- Organisasjon: Utvikle eigen organisasjon til å kunne yte lovpålagte tenester på best mogleg måte, og for å kunne gje elevane våre eit trygt og godt læringsmiljø.

Tenestemål 2024-2027

- Fedje skule skal halde fram med å gje elevane ei likeverdig og tilpassa opplæring, sikra gjennom samanhengande årsplanar i alle fag
- I tett samarbeid med barnehagen, skal skulen oppretthalde og vidareutvikle kunnskapen vår om å førebyggje, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar. Me skal samarbeide om å byggje eit inkluderande miljø for born og unge på Fedje
- Sikre ei kontinuerleg utvikling av den einskilde tilsette sin faglege kompetanse for å skape gode resultat over tid
- Heve lesedugleikane til elevane ved Fedje skule

Interkommunale avtalar:

Ansvar for Pedagogisk-psykologisk tenester (PPT) ligg til skulen. Fensfjorden PPT er eit interkommunalt samarbeid mellom Austrheim, Fedje, Gulen og Masfjorden, med Austrheim kommune som vertskommune. PPT omfattar tenester til born, unge og vaksne i Fedje kommune. Tenesta har eit administrativt fagråd med ein representant frå kvar kommune.

Fagrådet skal mellom anna:

- Drøfte og gje innspel til handlingsplan/årsplan og årsmelding for tenesta
- Tilrå budsjett innanfor budsjetttramma
- Drøfte PPT si rolle i heile opplæringsløpet
- Vurdere fagsamansetjinga for tenesta
- Tilrå eventuelle endringar av tenesta

Teneste 2020 Grunnskulen

Skuleåret 2023/2024 har me sju aldersblanda elevgrupper i grunnskulen med ein kontaktlærarstilling knytt til kvar gruppe. Det er i år 4 -19 elevar i kvar gruppe og totalt 61 elevar på skulen. Dette er ein svak oppgang frå førre skuleår. Auken i elevtal skuldast at me har teke imot flyktningar frå Ukraina, i tillegg til andre barnefamiljar som har flytta til Fedje. Diverre har nokre av elevane som me hadde førre skuleår flytta.

Våren 2024 går det eit forholdsvis stort kull ut av 10.klasse på sju elevar. Hausten 2024 startar det fem nye 1.klassingar. Dette gjev eit elevtal på 58 elevar slik det ser ut pr no.

Skulen har eit mål om å halde på inndelinga av klassar som går saman.

Inndelinga gjer at me har ei stabil samansetning av gruppene over tid, og elevane veit kven dei skal gå i klasse med i åra framover. Dette gjev grunnlag for å byggje gode lærings- og klasse miljø. Skulen ynskjer å kunne halde på denne inndelinga for å ha kontinuitet i samansetjinga av elevgruppene. Små grupper og tettare oppfølging av kvar enkelt elev er viktige tiltak for å oppretthalde ein god skule på Fedje. Vert aldersspranget for stort i elevgruppene vil det kunne påverke kvaliteten i opplæringa. Stadig skifte i kven ein går i klasse med vil og kunne ha ei negativ innverknad på skulemiljøet. Likevel vil det måtte verte mindre justeringar kring kva grupper som vert slegne saman, dette mellom anna ut frå elevtal i gruppene.

Dei siste åra har ein hatt færre elevar som har fått spesialundervisning, og den spesialundervisninga som vert gjeve har gått føre seg i klasserommet. Dei ressursane som tidlegare var knytt opp til spesialundervisning for einskilde elevar, vert no nytta til styrking av heile elevgruppa. Dette er i tråd med dei nasjonale retningslinjene for spesialundervisning. Inkludering i skulen handlar om at alle elevar skal oppleve at dei har ein naturleg plass i fellesskapet.

Austrheim kommune har fått tilskot til kompetanseheving knytt til kompetanseløftet innan spesialpedagogikk, som vert innført frå 2025. Desse midlane kjem og Fedje skule til gode gjennom samarbeid mellom kommunane knytt til Fensfjorden PPT. Dette skuleåret har me ein lærar som fortset på vidareutdanning i spesialpedagogikk.



Uteskule i nydeleg ver.



Låge elevtal gjer at me får mindre inntekter til å drive skule for, samstundes som krava til kompetanse hjå personalet vert høgare og lærarutdanninga vert meir spesialisert. Vert inntektene for låge vil me få vanskar med å kunne oppfylle kompetansekrava til dei som skal tilsetjast og undervise i grunnskulen. Skulen har på det jamne høgt utdanna personale. Dette sett i samanheng med endringa i lærarutdanninga som no ligg som ei 5-årig masterutdanning. Det resulterer i høge lønsutgifter då dei som no er

nyutdanna kvalifiserer som lektorar. Det vert ikkje lengre utdanna t.d adjunktar som ligg lågare på lønsstigen.

Kompetansekrava, sett i samanheng med at det er utfordrande å rekruttere og behalde lærarar hjå oss, gjer at me må tenkje langsiktig i høve tal stillingar og i høve kompetansehevingstiltak. Me må difor kunne tilby vidareutdanning til dei lærarane me ser ynskjer å bli her. Skuleåret 23/24 er det to lærarar som tek vidareutdanning.

Skulen sitt utviklingsarbeid for perioden 2022 til 2025 er knytt til UDIR si oppfølgingsordning. Fedje skule vart valt ut til å delta i frå juni 2022 på bakgrunn av noko låge resultat i dei nasjonale prøvane i lesing, engelsk og matematikk. Skuleåret 23/24 har me hovudfokus på lesing både i form av kompetanseheving blant dei tilsette, og ved å sette i verk lese kurs på mellomtrinn.

Me systematiserer og den fyrste lese- og skriveopplæringa. Me har tilsett lesekoordinator i 40% stilling med midlar frå denne ordninga. Gjennom ordninga vil me og ha fokus på å sjå på moglegheitene for ei betre organisering av ressursar. Me ynskjer å sjå på ein meir hensiktsmessig bruk av profesjonsfelleskapet ved ein liten skule i ein liten kommune. I budsjettet vil ein finne postar som er budsjettert ekstra høgt for 2024. Dette gjeld overtid, tenestekjøp frå andre private og lisensar. Dette heng saman med overføringa frå Utdanningsdirektoratet knytt til Oppfølgingsordninga. Me budsjetterer for bruk av desse midlane i 2024. Når ein er i oppfølgingsordninga vert utviklingsarbeidet høgt prioritert på skulen.

Skulen har skuleåra 22/23 og 23/24 hatt Skulelos i 50 % stilling. Frå hausten 2024 fell midlane til denne ressursen vekk, då delar av finansieringa kjem frå Bufdir. Los for ungdom skal vere med og hjelpe dei elevane som slit med å komme på skulen, og som kan få vanskar med å gjennomføre grunnskule- og vidaregåande opplæring. Det vert ikkje budsjettert for Skulelos vidare framover grunna trong økonomi. Viss dette tilbodet skal oppretthaldast, må undervisningsstillingar reduserast, eller me må ha meir samanslåing av klassar.

Skulen ynskjer å halde fram med programmet «trivselseiar» for å betre skulemiljøet til elevane. Det er og eit ynske å få i gong att programmet «AART» - sosial trening. Dette er tiltak som kan gjennomførast i alle klassar.



Teneste 2150 Skulefritidsordninga

Skulefritidsordninga (SFO) er eit ikkje-pedagogisk tilbod før og etter skuletid til born frå 1. til 4. klasse, og for born med spesielle behov frå 1. til 7. klasse. Den nye rammeplanen til SFO: *«Barndommen har sin egenverdi, og SFO skal, i samarbeid og forståelse med hjemmet, ivareta barnas behov for omsorg og tilsyn, samtidig som det gis rik mulighet for meningsfull fritid og lek».*

SFO heldt for det meste til i skulen sine lokale, og nyttar uteareala ved skulen. Det har no i haust vore ein auke i tal elevar som nyttar SFO. Pr 1.november er det 20 born som nyttar SFO tilbodet i større eller mindre grad. Det er ei stor glede at fleire born nyttar SFO! Brukarbetalinga dekkjer ikkje utgiftene til løn i 2024. Dette sett i samband med at dei fleste av borna som nyttar SFO er 1. eller 2. klassingar. For denne aldersgruppa er det lovpålagt gratis SFO 12 timar i veka. Dette er om lag tre dagar i veka.

Me vil framleis sjå på organiseringa av SFO. Me er sårbare i høve det å få kvalifiserte vikarar inn ved sjukdom. Eit nærare samarbeid med barnehagen vil kunne gje ei gevinst både når det gjeld bemanning og økonomisk innsparing.



Ny bilbane på skuleplassen – stor stas! Med egne heimesnikra skilt.

Teneste 2130 Vaksenopplæringa

Hausten 2022 starta ein opp att undervisninga ved vaksenopplæringa i Fedje kommune. Vaksenopplæringa er lokalisert i Hjartebanken slik som førre skuleåret. Der har ein innreia eit klasserom og kontorplass for lærar. Me har tilsett ein lærar i 60 % vikariat for dette skuleåret. I tillegg er det ein 50 % fagarbeidarstilling knytt til undervisninga. For tida har me 17 vaksne elevar som får opplæring i norsk- og samfunnsfag. Det har vore arbeid med å finne eit anna eigna rom for vaksenopplæringa. Rommet dei no nyttar er ikkje hensiktsmessig for så mange elevar, det er lite plass og luftkvaliteten vert fort dårleg. Samstundes har administrasjonen brukt for rommet. Me har ikkje lukkast i å finne nytt rom til vaksenopplæringa, og det vil bli jobba med å finne ei betre løysing i 2024. Signala frå regjeringa er at meir av undervisninga skal være digital i 2024. Det er enno uklart kva dette vil innebære for oss.

Teneste 2021 Den kulturelle skulesekken

Midlane me får frå den kulturelle skulesekken er rekna ut i høve elevtal. Det er difor ikkje særleg mykje me får kvart år. For skuleåret 23/24 får me 25.000,-. I 2024 samarbeida me med biblioteket og barnehagen for å gje dei yngste elevane gode kulturelle opplevingar. Ved å samarbeide får ein meir ut av kvar krone, nok som gagnar born og unge på Fedje.



Samarbeid med biblioteket september 23
Espen Askeladden

Ansvar 2200 Fedje barnehage

Teneste 2010 Barnehage

Tenestemål 2024

- Barnehagen skal vidare ha fokus på tett samarbeid med heimen. For å kunne gje borna best mogleg forutsetningar for utvikling og tryggleik
- Borna skal få utforske, lære og sjølv skape noko gjennom digitale uttrykksformer
- Dei tilsette skal arbeide systematisk med implementering av kompetanseheving innan DUÅ og førebyggjande arbeid

Tenestemål 2024 – 2027

- Barnehagen skal utnytte heile uteområdet med inspirerende leikeområde til bornas frileik
- Alle faste tilsette skal gå gjennom kompetansehevinga innan “Dei utrulege åra”
- I tett samarbeid med skulen, skal barnehagen oppretthalde og vidareutvikle kunnskapen vår om å førebyggje, avdekke og handtere mobbing og andre krenkelsar. Me skal samarbeide om å bygge eit inkluderande miljø for born og unge på Fedje

Dei siste åra har me sett ei positiv utvikling i barnetalet, og dette er noko me ser vil halde fram i året som kjem. Etter periodar med stabile låge tal, er dette ei positiv utvikling for barnehagen. Stortinget har vedtatt eit minimumskrav til grunnbemanning for barnehagar, både pedagognorm og bemanningsnorm. Me må derfor vurdere bemanninga utifrå barnetalet kvart år, slik at me oppfyller bemanningskrav, retten til barnehageplass der barnet bur og dei ulike søknadsdatoane som er vedteke av kommunestyret. Ved inngang av 2023 måtte barnehagen auke bemanning grunna auke i barnetalet. Slik utviklinga er no med auke i barnetalet, vil det vere naudsynt med ei ny auke i bemanninga i 2024. Me ser at det er rekrutteringsutfordringar i distrikta, og dette er også noko barnehagen kan merke i framtida.

Barnegruppa i barnehagen er delt inn i to avdelingar, 0-3 år og 3-6 år. Kvar avdeling har ein pedagogisk leiar som avdelingsleiar. Som avdelingsleiar skal dei leia det pedagogiske arbeidet, og sørgje for at barnehagelova og rammeplanen vert oppfylt. Dei skal planleggje, vurdere og utvikle arbeidet i barnegruppa. Kvar avdelingsleiar har krav på fire timar planleggingstid i veka. Kvar pedagog kan ha maks sju små eller 14 store barn i følgje pedagognorma. Viss det skulle halde fram med ei auke i barnetalet, vil det vere barnehagen vil trenge å tilsette ein pedagog.



1. august 2020 vart det innført gratis barnehageplass i Fedje kommune. I framlegg til kommunebudsjett 2024 vert det foreslått å innføre foreldrebetaling. Frå og med 1. januar 2024 er maksprisen for ein barnehageplass 3000,- per måned. Stortinget har lagt fram forslag om å redusere prisen til 2000,- og til 1500,- i dei 189 mest spreidd bygde kommunane frå og med 1. august. Ved å gjeninnføre brukarbetaling i barnehagen vil dette utgjere ei samla inntekt på om lag 400.000,-.

Kvart år søker barnehagen om tilskot til symjeopplæring som skal bidra til å gje born i alderen fire til seks år tilstrekkeleg opplæring i løpet av barnehageåret. Dette er midlar som mellom anna dekkjer frakt fram og tilbake frå symjehallen. Tilbodet i symjehallen er svært populært, og borna har ei stor utvikling gjennom åra med symjeopplæring. Dette krev ekstra bemanning for å klare å gjennomføre, slik at me kan gje borna den hjelpa og rettleiinga dei treng, og ikkje minst den sikkerheita som er naudsynt når ein har born i bassenget.

Sommaren 2017 vart det innført heilårsopen barnehage. Det vil sei at barnehagen er open alle dagar, bortsett frå planleggingsdagar og «raude dagar». Barnetalet er framleis lågt, og det vart derfor lagt opp til sommarstengt barnehage i 2021, 2022 og 2023. Dersom ein ynskjer å ha sommaropen barnehage kan brukarane sjølv velje når dei tar ut tre veker av ferien sin, i perioden 15.juni – 15.august. Barnehagen vil då vere open heile sommaren, uansett barnetal, og alltid ha faste tilsette på jobb samstundes som dei også skal avvikle sin ferie. Dei faste tilsette må starte å ta ut sin ferie 15. juni, uavhengig om brukarane har gjort det same. Barnehagen må ha vikarar inn for dei faste tilsette i perioden 15. juni – 15. august for å sikre at me har bemanning innanfor minimumskravet. Med låg bemanning er dette ein «kabal» som ikkje «går opp». Barnehagen har, i denne innstillinga, også lagt opp til sommarstengt barnehage i 2024. Det vil gjelde dei same vekene som SFO har stengt.



Dei tilsette vil halde fram med kompetanseheving, likt som tidlegare. Barnehagen har fått tilskot til utviklingsarbeidet «inkluderande barnehage – og skulemiljø», saman med skulen. Fedje barnehage vart i 2023 ein del av eit nettverk i forhold til «Dei utrulege åra» gjennom PPT Fensfjorden. Dei faste tilsette vil delta på kurs i samband med DUÅ slik at alle har den same bakgrunnen for å halde på med programmet. Tilsette vil også bli kursa i å sjølv halde kurs for andre tilsette som er med i PPT Fensfjorden.

Ansvar 2300 Pleie og omsorg

Tenestemål 2024

- Oppnå ein stabil personalsituasjon for å kunne yte gode tenester
- Skape felles forståing på kva kvalitet er og kor vårt ansvar ligg
- Iverksette rutinar for brukaroppfølging
- Utarbeide ein handlingsplan for pleie og omsorg

Tenestemål 2024-2027

- Personalet i pleie og omsorg er trygge i sitt arbeidsområde med rett kompetanse og rett bemanning
- Tenestetilbodet er forsvarleg, synleg, brukarvenleg og tilpassa den enkelte sine behov
- Brukarane og pårørande vert tatt med i slutningar med god dialog og informasjon

Teneste 2340 Aktivisering og servicetenester for eldre og personar med nedsett funksjonsevne

Aktivisering og servicetenester for eldre og personar med nedsett funksjonsevne er ein teneste som skal synleggjere dei ulike førebyggjande tenestene kommunen tilbyr, til døme matombringning og arbeidskøyring.

Arbeidskøyring for personar med nedsett funksjonsevne som ikkje kan bruke offentleg trafikk, er ei teneste for personar som kan vera i tilrettelagt arbeid, og som har behov for tilrettelegging for å komme seg til arbeidet. Omfanget til denne lovpålagte tenesta er varierende, og avhengig av kor mange brukarar me har, og kor dei har sin tilrettelagt arbeidsplass.

Matombringning er eit førebyggjande tilbod, og mat vert lagd på kjøkkenet ved Fedje sjukeheim. Før vart utgiftene ført under 2531 – sjukeheim. Dette førte til ein skeivfordeling i budsjett og rekneskap fordi utgiftene låg ein plass og inntektene ein annan plass. For å synleggjere utgiftene for matombringning som teneste, vert det estimert rundt 10 % av total matkostnad i budsjettet, og dette vert rekneskapsført under 2340.

Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT) er ei interkommunal og førebyggjande teneste for innbyggjarar i tidlegare Hordaland. Dei kan tilby råd, rettleiing og oppfølging i forhold til utfordringar ved syns- og/eller høyrselstap.

Sidan februar 2023 er det tilsett ein kreftsjukepleiar i 20 % i kommunen. Kreftsjukepleiaren skal gje hjelp og rådgjeving i samanheng med ein kreftdiagnose, oppfølging av pakkeforløpet heim for kreftpasientar og bistand og kompetanseheving av helsepersonell innan kreft og palliasjon.

Teneste 2343 Velferdsteknologi

Kommunen har fleire ulike teknologiske tryggleiksskapande løysingar som innbyggjarane kan nytte seg av. Per i dag er tryggleiksalarm og GPS lokalisering løysingar som er i bruk. Velferdsteknologiske løysingar er implementert som del av tenestetilbodet.

Det er eit ynskje om å innføre "Roommate" som digitalt hjelpemiddel på sjukeheimen. "Roommate" er ein anonymisert digital verktøy til tilsyn som er særleg nyttig om natta, der det kan redusere uro for brukaren sidan personalet kan sjekke om brukaren har det bra utan å måtte gå inn på rommet og forstyrre nattesøvn. Systemet vil òg kunne varsle om fall, rop om hjelp eller om brukar er på veg til å reise seg. Grunna den økonomiske situasjonen i kommunen er dette ikkje prioritert i budsjettet.

Eit anna godt hjelpemiddel er ein form for løftestol - Raizer II. Løftestolen vert brukt for å løfte opp brukarar frå golvet etter eit fall. Per i dag må personalet hjelpe brukarane opp ved hjelp av fysisk arbeid, som går ut over helsa til dei tilsette grunna tunge løft. Som tidlegare nemnd er sjukefråvær ein stor utfordring for den daglege drifta og eit sånn hjelpemiddel kan vera eit førebyggjande tiltak både ved sjukeheimen og i heimetenesta for både brukarar som dermed ikkje vert dratt i armer og bein, og dei tilsette kan enkelt løfte brukaren frå golvet ved hjelp av eit taste trykk. Det er eit ynskje om å kjøpe inn to Raizer II for å unngå leiting etter utstyret når man har behov for det. Ein skal være plassert i heimesjukepleiebilen og den andre på ein strategisk plass på sjukeheimen. Sjølv om den økonomiske situasjonen er pressa, ser me på hjelpemiddelet som eit tiltak som vil gje stor gevinst i form av reduksjon av fråvær. Dette er difor lagt inn under investeringsbudsjett.

Teneste 2530, 2531, 2541 Administrasjon pleie og omsorg, sjukeheim, heimesjukepleie

Sidan sjukeheimen og heimesjukepleie er ei kombinert teneste med to ulike budsjett, vart budsjett og rekneskap i lønsamheng og innkjøp av medisinsk forbruksmateriale splitta med 10-15 % til heimesjukepleie for å synleggjere dei to ulike tenestene.

Dei pasientane som får plass på sjukeheimen er godt kartlagt og har eit stort behov for døgntilgjengeleg hjelp. Me får klare signal frå departement at me skal arbeide tverrfagleg for å styrke dei eldre til å ha funksjon til å bu heime så lenge dei kan. Me arbeider kontinuerleg med reforma «leve heile livet», som med ny regjering skifta namn til «bu trygt heime», og at tenestene skal ha ein heilskapleg tilnærming til brukaren sitt behov. Dette arbeidet førar til at me må sjå på korleis me definerer dei ulike tenester, og kva for kriterier skal leggast til grunn for dei. Sjølv om arbeidet med det gode pasientforløpet er avslutta, vert det jobba vidare med tema. Koordinerande eining og arbeid i tverrfagleg team er viktige satsingar for å gje meir heilskaplege, og for å kunne bruke ressursar på ein betre måte.





Personalgruppa er svært engasjert og omsorgsfull, men sårbar. Hovudårsaka er sjukefråvær og utfordring med rekruttering. Det er mykje sjukefråvær, særleg langtidsfråvær. Me har i utgangspunktet lagt opp til ei god grunnbemanning, men me har stor utfordring på å rekruttere nok personell til å dekke opp turnusen slik den er i dag. Grunnbemanning på sjukeheimen er planlagt fem på dagvakt, tre på kveld og to på natt. Rekrutteringsproblema og dårleg tilgang til vikar har ført til at bemanningsnormen måtte senkast til fire på dag, tre på kveld og to på natt. Dette gjer at belastninga er stor på personalgruppa.



få

Det er starta opp ei arbeidsgruppe som skal kartlegge nye modellar for arbeidstidsordning for sjukepleiarane på sjukeheimen, der det òg skal vera fokus på økonomiske og personalrelaterte konsekvensar. Me startar med sjukepleiarane, da denne yrkesprofesjonen er mest vanskeleg å rekruttere og behalde. Per i dag har kommunen tiltak for å rekruttere og behalde personale, og det er ikkje budsjettetert med nye økonomiske tiltak grunna den utfordrande økonomiske situasjonen kommunen står i.



Skiltet var endeleg på plass



Kva er viktig for deg - markering

Teneste 2542 Praktisk bistand

Per i dag er det satt av 60 % stilling til praktisk bistand. Timane som ikkje vert brukt i heimehjelp vert brukt til andre oppgåva ved sjukeheimen, til døme nedvask av rom. Tenesta har behov for ein tenestebil for å yte god og tilstrekkeleg tilbod til brukarane, og behalde arbeidstakars rett til forsvarleg arbeidsforhold og tryggleik.

Ansvar 2500 Legetenester

Tenestemål 2024

- Vedlikehalde ein god akuttberedskap med god ansvarsfordeling mellom kommune og Helse Bergen
- Sikre stabil bemanning gjennom gode og trygge arbeidsrammer
- Halde ved like det gode tverrfaglege samarbeidet

Tenestemål 2024 – 2027

- Vidareføre fastlege/legevaktordninga.
- Utarbeide smittevern- og pandemiplan
- Etablere oss som ein føregangskommune innan legetenester i små distriktskommunar



Det er fire legar som er fast tilsette i kommunen. Legane har ei turnusordning kor dei arbeider ei veke i månaden pk Fedje. Legen arbeider som fastlege, helsestasjonslege og sjukeheimslege på dagtid kvardagar, og er i vaktberedskap resten av døgnet og i helga. Fedje Kommune har såleis lege tilgjengeleg 24/7/365. Det er ein kommuneoverlege og tre kommunelegar. I tillegg til dei fire legane er det tilsett ein sjukepleiar på legekantoret i 60%.

Med denne organiseringa har Fedje kommune no ei av dei beste fastlege- og legevaktordningane i Noreg. Tilbodet framover er meir føreseieleg, samt beredskap og tryggleik vil opplevast nærare for fastbuande og tilreisande.

Teneste 2330 Miljøretta helsevern

Utgifter til kommuneoverlegefunksjon og tenestekjøp miljøretta helsevern.

Teneste 2414 Legekantor

Her ligg budsjettet for fastlegepraksis og kommunelegetenesta i Fedje kommune. I dette ligg det lønn til legar, sjukepleiar og reinhald, samt utgifter til reise-, kurs og konferansar. Inntekter til kommunen ved refusjonar og eigenandelar frå HELFO for behandling av pasientar, samt sal av medisin er også på denne posten.

Teneste 2410 Legevakt

Utgiftene til drift av legevakt på Fedje er samla her. Vaktlønn til lege som er på vakt og kostnadar for legevaktsentral er utgifter i denne tenesta.

Ansvar 2600 Sosialtenester

Teneste 2440 – 2510 – 2520 Barnevern

Fedje kommune er i eit vertskommunesamarbeid med Alver kommune og Alver barnevern. Denne ordninga vart vedtatt i kommunestyret i desember 2019. Barneverntenesta er lokalisert i Helsehuset i Knarvik. Det kan oppstå akutte hendinga, og utgifter me ikkje er budd på under denne posten.

Teneste 2332 Edruskapsvern

Stillinga som jobbar med edruskapsvern er ført under 1203 fellestenester. Inntektene frå gebyr for skjenkeløyve vert ført her. Sommaren 2023 tilsette Fedje kommune to eigne skjenkekontrollørar. Deira oppgåve er å utføra de lovpålagte kontrollane på sal av tobakk og alkohol, og utføra lovpålagte kontrollar på skjenkeplassane i kommunen.

Teneste 2750 Introduksjonsordning

Tenestemål 2024

- Finne egna bustad til familien
- Flyt og plan i introduksjonsordninga.
- Språk kafé
- Skaffe arbeid (midlertidig/fast tilsetting)

Tenestemål 2024 – 2027

- Integrering i samfunnet
- Tverrfagleg samarbeid i kommunen/på tvers av kommunegrensa

Politisk leiing i Fedje kommune vedtok at me skulle ta i mot 30 flyktningar i 2022. Me tok i mot 23 flyktningar i 2022. I 2023 fekk kommunen fleire førespurnadar frå IMDI om mottak. Politkarane vedtok i januar å ta i mot inntil ti flyktningar, og juni inntil fem flyktningar, totalt inntil 15. Så langt har me teke i mot åtte flyktningar, og i desember kjem ein familie på fem. Då har me teke i mot totalt 13 flyktningar i 2023. Me er varsla at det vil komme ny førespurnad om å ta i mot flyktningar i 2024, og det vil truleg ligge på 30 flyktningar, slik det har vært i dei førre åra. For 2024 ville kommunedirektøren foreslå å ta imot ti flyktningar, men grunna ein sær sars vanskeleg økonomisk situasjon har me måtte redusere talet til fem for å få budsjettet i balanse.

Utfordringa me no står over er å få flyktningar som er ferdig med introduksjonsprogrammet inn i arbeid, slik at dei klarar å forsørge seg sjølv og familien. Viss me ikkje lukkast med dette, vil det får konsekvensar for sosialbudsjettet til kommunen.

Teneste 2760 Kvalifiseringsordninga

Kvalifiseringsordninga vert administrert gjennom NAV. Dei som treng ekstra hjelp for å kome inn i ordinært arbeidsliv kan søkje om dette. Vanskeleg å føresjå behov/bruk, avhengig av rettar. Dei siste tre åra har me ikkje hatt noko utgifter, derfor reduserer me beløpet til 0,- for året 2024.

Teneste 2810 Livsopphald

Fedje kommune er i eit vertskommunesamarbeid med Masfjorden kommune og NAV Fensfjorden. Utgiftene er styrt av retter og er eit sikkerhetsnett for menneskjer i økonomisk naud. Det vil difor alltid vere knytt uvisse til storleik av denne stønaden.

Ansvar 3000 Teknisk kontor

Ansvar 3000 har følgjande tenesteområde: Administrasjon, vedlikehald, forsikring av alle kommunale bygg, Interne service-einingar, bustadtilskot, handsaming av planar, byggesak og oppmåling, landbruk, vegar, veglys, brann, oljevern, statleg oljeverndepot, vatn, kloakk, slam, renovasjon og mink/hjort.

Kommunalsjef samfunnsutvikling i 100% stilling er tilsett frå 1.10.2023. Driftsleiar er tilsett i 100% stilling frå 1.1.23. Det er i tillegg to tilsette på teknisk drift som fagarbeidarar i 100% stillingar.

Gebyr

Fedje kommune har, med bistand frå Momentum AS, berekna sjølvkostgrunnlaget for kommunale gebyr (feiing, slamtømming, avlaup og vatn) for 2024. Frå 2023 til 2024 vert det forslag om gebyrreduksjon på omlag -4,1 % for heile gebyrområdet. Feiing aukar mest i prosent med 10,5 %. Slamtømming vert redusert med 16,5 %. I perioden 2022 til 2027 aukar samla gebyr med kr 952, frå kr 12 048 i 2022 til kr 13 000 i 2027. Dette gjev eit snitt på 1,5 % i årleg auke i gebyra. Frå 1.1.2023 vart gebyrområde for hushaldningsavfall overteke av NGIR, og deira kalkyle med forslag til nye gebyrsatsar for 2024 kjem til godkjenning i kommunestyret.

Vatn

Kommunen kan ikkje ha høgare inntekter frå gebyr for vatn enn at utgiftene vert dekkja. Overskot skal settast av på fond. Eige rekneskap som syner overskot eller underskot for drift av vassverket er vedlegg til årsrekneskapen for kommunen kvart år. Ved årsskiftet hadde kommunen eit samla underskot på 1,695 mill. kr på sjølvkostfondet. Kommunedirektøren gjer framlegg om at underskotet vert dekkja inn gjennom å auke gebyrinntektene noko, med mål om at avsetning til sjølvkostfondet går i null i 2028 (Ref. Sjølvkostanalyse 2023). Underskotet vil bli dekkja inn over fleire år, og difor er auka for 2024 låg.

Renovasjon

Frå 1.1.2023 vart renovasjon overteke av NGIR. Fedje kommune vedtek satsane som NGIR går ut frå.

Byggesak og oppmåling

Inntektene av gebyr for byggesak/delesaker og oppmåling er i budsjettet for 2024 sett til 300'. I 2024 vil Fedje kommune kjøpe oppmålingstenester av Austrheim kommune. Gebyra for oppmåling må difor ligge på same nivå som Austrheim kommune sine gebyr for å gå i null.

For 2023 er det nytta ekstern konsulent til sakshandsaming på tenesteområdet fordi me ikkje hadde tilsette til å gjere jobben. Grunna dette er kostnadene høge i 2023. I 2024 vil det meste av sakshandsaminga utførast av egne tilsette, noko som skal gi betydeleg lågare kostnad. Det er normalt ein del svinging i mengde saker innan bygg og deling, det er difor utfordrande å setje eksakte gebyrsatsar. Kommunedirektøren foreslår å tilpassa Fedje kommune sine gebyrsatsar til same nivå som nabokommunen, Austrheim. Sjølvkostanalysen frå Momentum AS for 2024 viser kva inntekt kommunen må ha for å oppnå kostnadsdekning.

Bustadtilskot

Ordninga vart innført i 1995 som ei utviding av ei eksisterande støtteordning. Dei som bygde utanfor kommunalt bustadfelt fekk støtte fordi kommunen selde subsidierte tomter i bustadfelt. I 95 vart ordninga utvida slik at dei som overtok bustader som var over 40 år gamle, fekk tilskot. I 2022 vart det utbetalt eitt tilskot, og i 2023 vart det utbetalt eitt tilskot. Dette vert finansiert frå fond.

Brann

Fedje kommune er knytt til Nasjonalt kommunesamarbeid for 110-sentralane IKS (NKS110) og nytt oppdragshandteringsverktøy (OHV) for 110-sentralene i Noreg. Kostnad til dette er vidareført i framlegg til budsjett for 2024.

Mink/Hjort

Statens Naturoppsyn har dei tre siste åra gjort ein stor innsats for å utrydde minken på Fedje. For å støtte opp om arbeidet med å halda minken vekke, vart skotpremien auka frå 150 kr til 500,- kr frå 2020. I 2023 vart premien auka til kr 1000,-.

Ansvar 3100 Kommunale bygg og anlegg

Tenestemål 2024

Kommunen leverer prøver av bassengvatn og drikkevatt kvar måned. Alle prøver skal stetta drikkevassforskrifta og bassengforskrifta. For barnehage, skule og sjukeheim vil ein halde ei felles synfaring der ein ser på vedlikehald av bygga innvendig. Det er eit mål med felles synfaring i alle bygg i 2024.

Ansvar 3100 har følgjande tenesteområde: Bygg som kommunen eig, bustader som kommunen eig, fyrvoktarbustad, helikopterplass, badeplass og fotballbane.

Straum

Det er vanskeleg å berekne kostnaden til straum i 2024. Det er teke utgangspunkt i kostnaden for 2023, og ut frå det gjort eit estimat for 2024. Sjølv om det er teikn på at straumprisane vert lågare denne vinteren, er det knytt usikkerheit til kva kostnadene vert. Kommunedirektøren foreslår bruk av ENØK fondet som vart etablert i 2023 for å investere i tiltak som sparar straum. I investeringsbudsjettet for 2024 foreslår kommunedirektøren å investere i solcelleanlegg på nyskulen. Dette anlegget vil mellom anna dekkje forbruk til svømmebassenget, som er ein stor forbrukar av energi. Anlegget vil kunne gi straum til heile skulen og overskot kan seljast på marknaden. I tillegg har me stort fokus på korleis me kan redusere straumforbruket i alle dei andre kommunale bygga. Det er utarbeida ein ENØK-rapport som foreslår diverse store og små tiltak for å spare energi. Det er berre fleirbrukshallen og skulen som har system for å styre straumen, elles må me oppfordre tilsette til å spare der dei kan. Alle monnar drar. Kommunedirektøren foreslår å stenge svømmebassenget i frå juni til august (i skuleferien) i 2024 slik det vart gjort i 2023.

Kommunale utleigebustader

Alle kommunalt disponerte bustader har vore utleidde i 2023 bortsett frå pendlarbustaden. I budsjettforslag for 2024 er det lagt inn full husleigebetaling for alle kommunale bustader. Kommunen har to omsorgsbustader. Dei står ledig per november 2023.

Beredskap – som er felles for alle

Fedje kommune skal vera ein trygg kommune å leva og bu i. Det er forventa at kommunen driv målretta og førebyggjande arbeid for å unngå ulukker og uønskte hendingar, og har ein kommunal beredskap som er førebudd på å møte uføresette situasjonar som kan oppstå. I kritiske situasjonar er det viktig at kommunen i samarbeid med andre beredskapsaktørar sikrar innbyggjarane og tek i vare informasjonsbehovet. Fedje kommune hadde hausten 2022 tilsyn på beredskap og helseberedskap frå statsforvaltaren. Statsforvaltaren fant lovbrøt både på beredskap og på helseberedskap knytt til sivilbeskyttelseslova. I august leverte Fedje kommune ny ROS (risiko og sårbarheitsanalyse), revidert beredskapsplan og revidert helseberedskapsplan. I 2024 vil me arbeide med å implementere planverket i administrasjonen og politisk slik at me skal være godt budd på uønskte hendingar. Eit av måla er å etablere eit beredskapsråd på Fedje.

Tenestemål 2024 – 2027

Det er eit krav at den kommunale kriseleiinga skal øvast minst anna kvart år. I tillegg har kriseleiinga også fått opplæring med å nytta kommunikasjonssystemet CIM. Dette systemet er no erstatt av eit nytt, RAYVN. Me må prioritere å gi opplæring og bli trygg på det nye systemet i 2024. Framover vil det bli fokus på å gjennomføra kompetansehevande tiltak og øvingar for kriseleiinga. Me vil og øve på bruk av sambandstelefonar og satellitttelefon. Beredskapsplanar, ROS-analyser og andre relevante beredskapsdokument skal oppdaterast årleg. Dette har ikkje blitt gjort tidlegare.

Ansvar 4000 Finansiering

Samanlikna med budsjettet for 2023 aukar inntekter under finansiering med om lag 2,0 %.

	Budsjett 2023	Budsjett 2024
BISTAND TIL ETABLERING OG OPPRETTHALD AV EIGEN BUSTAD	-40	-50
SKATT PÅ INNTEKT, FORMUE OG EIGEDOM	-18 273	-20 849
GENERELLE STATSTILSKOT VEDR. FLYKNINGAR	-8 256	-8 640
STATLEG RAMMETILSKOT	-45 376	-47 246
RENTER/UTBYTTE OG LÅN (INNLÅN OG UTLÅN)	-150	-101
INTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR	806	1 458
TOTALT	-71 289	-75 428

Bistand til etablering og oppretthald av eigen bustad: renteinntekter frå formidlingslån i Fedje kommune.

Skatt på inntekt, formue og eigedom og statleg rammetilskot – Ei omlegging i korleis me fører skjønnskot frå statsforvaltaren gjev oss lågare skatteinngong, men forholds messig høgare rammeoverføringar.

Renter/utbytte og lån (innlån og utlån) – Høgare utgifter til avdrag og renter samt auka utbytte gjev oss også eit dårlegare nettoresultat for finansutgifter.

Interne finansieringstransaksjonar – Det er ikkje budsjettert med overføringar frå drift til investering i 2024.

5. Økonomiplan 2024-2027

	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
HOVEDOVERSIKTER DRIFT § 5-6					
Rammetilskudd	45 376	47 246	49 000	49 980	50 980
Skatt på inntekt og formue	16 073	18 649	19 022	19 402	19 790
Eiendomsskatt	2 200	2 200	2 100	2 100	2 100
Andre skatteinntekter	0	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskudd frå staten	10 116	11 898	11 250	11 475	11 705
Overføringer og tilskudd frå andre	3 511	6 857	6 687	6 587	6 719
Brukerbetalingar	2 584	2 505	2 555	2 606	2 658
Salgs- og leieinntekter	7 808	7 106	7 248	7 393	7 541
Sum driftsinntekter	87 668	96 461	97 862	99 544	101 493
Lønnsutgifter	49 531	56 441	57 570	58 721	59 896
Sosiale utgifter	11 234	13 450	13 719	13 993	14 273
Kjøp av varer og tjenester	21 842	20 474	20 883	21 301	21 727
Overføringer og tilskudd til andre	3 895	4 212	4 296	4 382	4 470
Avskrivningar	4 115	4 156	4 239	4 324	4 410
Sum driftsutgifter	90 617	98 733	100 708	102 722	104 776
Brutto driftsresultat	-2 949	-2 272	-2 845	-3 178	-3 284
Renteinntekter	240	365	372	380	387
Utbytte	1 200	1 755	1 500	1 500	1 500
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0
Renteutgifter	630	1 508	1 701	1 735	1 770
Avdrag på lån	1 220	1 561	1 592	1 624	1 657
Netto finansutgifter	-410	-949	-1 421	-1 479	-1 539
Motpost avskrivningar	4 115	4 156	4 239	4 324	4 410
Netto driftsresultat	756	935	-27	-334	-412
	0,86 %	0,97 %	-0,03 %	-0,34 %	-0,41 %
Overført til investeringsregnskapet	-806	0	373	166	98
Netto bundne fond	0	-523	-400	-500	-510
Netto disposisjonsfond	50	1 458	0	0	0
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0	0
Sum disponering eller dekning av nettoresultat	-756	-935	27	334	412
Fremført til inndekning i senere år	0	0	0	0	0

Bevilgningsoversikt - § 5-4 del A	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Rammetilskudd	45 376	47 246	49 000	49 980	50 980
Inntekts- og formueskatt	16 073	18 649	19 022	19 402	19 790
Eiendomsskatt	2 200	2 200	2 100	2 100	2 100
Andre generelle driftsinntekter	10 116	11 898	11 250	11 475	11 705
Sum generelle driftsinntekter	73 765	79 993	81 372	82 957	84 575
Sum bevilninger drift, netto	72 599	78 109	79 671	81 265	82 890
Avskrivinger	4 115	4 156	4 239	4 324	4 410
Sum netto driftsutgifter	76 714	82 265	83 910	85 589	87 300
Brutto driftsresultat	-2 949	-2 272	-2 845	-3 178	-3 284
Renteinntekter	240	365	372	380	387
Utbytte	1 200	1 755	1 500	1 500	1 500
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0	0
Renteutgifter	630	1 508	1 701	1 735	1 770
Avdrag på lån	1 220	1 561	1 592	1 624	1 657
Netto finansutgifter	-410	-949	-1 421	-1 479	-1 539
Motpost avskrivinger	4 115	4 156	4 239	4 324	4 410
Netto driftsresultat	756	935	-27	-334	-412
Overføring til investering	-806	0	373	166	98
Netto avsetninger til eller bruk av bundne fond	0	-523	-400	-500	-510
Netto disposisjonsfond	50	1 458	0	0	0
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	0	0	0	0	0
Sum disponering eller dekning av nettoresultat	-756	-935	27	334	412
Fremført til inndekning i senere år	0	0	0	0	0

Budsjettskjema § 5-4 del B		Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
1000	Rådmann	11 912	12 939	13 198	13 462	13 731
1100	Kulturtenester	1 982	1 895	1 933	1 972	2 011
2000	Levekår	2 315	3 834	3 911	3 989	4 069
2100	Fedje skule	14 261	16 902	17 240	17 585	17 937
2200	Fedje barnehage	4 158	5 514	5 624	5 737	5 852
2300	Pleie og omsorg	19 174	20 425	20 834	21 250	21 675
2500	Legetenester	5 848	6 450	6 579	6 711	6 845
2600	Sosialtenester	8 228	5 762	5 877	5 995	6 115
3000	Teknisk kontor	2 760	3 182	3 246	3 311	3 377
3100	Kommunale bygg og anlegg	6 076	5 362	5 469	5 579	5 690
3500	Avskrivningar	-4 115	-4 156	-4 239	-4 324	-4 410
T O T A L T		72 599	78 109	79 671	81 265	82 890

	Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
Bevilgningskjema - § 5-5 del A					
Investeringer i varige driftsmidler	13 691	2 600	1 000	1 250	1 250
Tilskudd til andres investeringer	0	0	0	0	0
Investeringer i aksjer og andeler	225	260	260	260	260
Utlån av egne midler	0	0	0	0	1
Avdrag på lån	0	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	13 916	2860	1260	1510	1510
Kompensasjon for merverdiavgift	2 599	520	200	250	250
Tilskudd frå andre	0	0	0	0	0
Salg av varige driftsmidler	3 500	0	350	350	350
Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	210	210	210
Bruk av lån	6 880	2 460	660	850	850
Sum investeringsinntekter	12 979	2980	1420	1660	1660
Videreutlån	0	0	0	0	0
Bruk av lån til videreutlån	0	0	0	0	0
Avdrag på lån til videreutlån	310	320	360	350	350
Mottatte avdrag på videreutlån	180	200	200	200	200
Nettoutgifter videreutlån	130	120	160	150	150
Overføring frå drift	806	0	373	166	98
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	261	0	0	0	0
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetninger	1 067	0	373	166	98
Fremført til inndekning i senere år	0	0	0	0	0

Budsjettskjema § 5-5 del B		Budsjett 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027
1200	Eigenkapitaltilskot KLP	225	260	260	260	260
1205	Nye Pcar og tavler	0	200	0	250	0
2220	Solceller Ny-skulen	0	1 500	0	0	0
2412	Familiens hus	628	0	0	0	0
2610	Fedje helsetun	500	500	500	0	0
2610	Bil pratisk bistand	0	0	0	0	0
2610	Velferdsteknologi	0	100	0	0	0
2830	Startlån	310	320	360	350	350
3202	Gamlebanken næringsbygg	4 763	0	0	0	0
3530	Avløpsnett/innsamling av avløpsvann	700	0	500	0	500
3600	Toalett dagsturhytta	0	0	0	0	0
3812	Utviding av styrkerommet	0	300	0	500	0
3930	Kirkegård	7 100	0	0	0	0
TOTALT		14 226	3 180	1 620	1 360	1 110